

Søknad om utbetaling av grøfte midlar.....Konglevoll 04.01.18

Viser til søknad innvilga i 2014 om midlar til grøfting. Dette prosjektet er restaurering av gamal slåtte mark på bruk 93/1 Hetlehovde.

Prosjektet var opprinnelig tenkt og vera eit tradisjonellt grøfte prosjekt der det skulle grøftast med 5m avstand og grøftene skulle leggast at med hun, plastrør og sagflis. Det viste seg og vera umulig og gjennomføra.

Arealet betår av botnlaus myr som flyt på vatn. Det vart då heilt umulig og legga ned rør på vanleg måte. Jorda var og så tett at vatnet ikkje ville trekka seg ut gjennom grøftene. I tillegg til dette fann me att ein del gamle steingrøfter. Desse har i stor grad sige og tetta seg og fungera ikkje som drenering lenger.

I skråningane rundt slåtteteigen var det mykje fine lausmassar og grusholdig jord, dette vart løysinga for korleis me skulle gripa prosjektet an.

Me har valgt og stein setta hovud grøfter med betong rør og bruka den grusholdige jorda som toppfylling oppå myrjorda for og laga fall slik at me fekk avrenning der me ville ha den. Desse hovud grøftene fungerer i storgrad som «slukar» der over vatnet renn ned i steinfyllinga og føl betong røra vidare.



Desse utfordringane har ført til langt meir arbeid enn forventta og langt større kostnader. Prosjektet er (som bilete viser) godt i gang og mykje arbeid er gjort, men det gjenstår framleis ein del før me er heilt ferdige. Fjorårets våte sommar må ta ein del av ansvaret for det.

Trass at me ikkje er ferdige med prosjektet freistar eg meg om og søkja utbetaling av løyvde midlar i 2014 på kr 15 000,- og ynskjer samtidig og søkja om nye 15 000,- for slutføring av prosjektet.

Håpar at dette lar seg gjera og legg ved dokumantasjon på faktiske utgifter så langt.

For evt spørsmål, ver snill og ta kontakt på tlf: 92 49 89 29

Venleg helsing: Anders Konglevoll